



Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad
Postboks 24 Kokstad
5863 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grete Hamre, 57643141

Rapport frå tilsyn ved Hansa Borg Bryggerier AS, avd. Kokstad Kontrollnummer: 2023.270.I.SFVL

Kontaktpersonar ved tilsynet

Frå verksemda:

Geir Morken
Ivar Selheim
Frank Rørslie

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Sissel Storebø
Grete Hamre
Frida Eikrem Aarset

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Hansa Borg Bryggerier AS, avd. Kokstad 16. februar 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 2 avvik under tilsynet.

Avvik:

1. Verksemda oppfyller ikkje alle krava i tanklagringsforskrifta
2. Verksemda oppfyller ikkje alle vilkåra i utsløppsløytet

Avvikene er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter tilsynet er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Grete Hamre
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Bergen Vann
Kystverket



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Hansa Borge Bryggerier AS	
Organisasjonsnr.: 973162241	Eigd av: 876862522
Bransjenr. (NACE-kode): 11 050 – Produksjon av øl	

Kontrollert eining

Namn: Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad	Anleggsnr.: 4601.0131.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 10. mai 2010	Sist endra: 26. februar 2015

2. Bakgrunn for tilsynet

Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad hadde eit akutt utslepp av fyringsolje 31. januar 2023. Utsleppet vart berekna til om lag 3000 liter olje. I brev datert 31. januar 2023 gav Kystverket verksemda pålegg om å gjennomføre følgjande tiltak: kartlegge spreiring av forureining, fjerne forureining som har spreidd seg til avløpssystem og miljø og ei fagleg vurdering av kva konsekvensar utsleppet kan ha hatt på det ytre miljøet. De fekk krav om å legge fram informasjon om type og mengd forureining og kva verknad denne vil kunne ha på det ytre miljøet ut frå opplysningar i tryggleiksdatabladet for fyringsolja. Verksemda fekk i tillegg krav om å legge fram ein plan for kva tiltak som vert sette i verk og den vidare handteringa av hendinga.

Statsforvaltaren fekk delegert styresmakt frå Kystverket til den vidare oppfølginga av utsleppet i brev datert 1. februar 2023.

Tilsynet vart gjennomført for å følgje opp tiltaka som verksemda har sett i verk etter det akutte utsleppet.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Tema for tilsynet

- handtering av akuttfasen
- oppfølging av tiltaksplan
- tanklagringsforskrifta
- internkontroll
- utsleppsløyvet
- beredskap

Rapporten gjeld avvika som vart avdekka under tilsynet. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda. Ei oppsummeringa av hendinga og tiltaka verksemda har sett/skal sette i verk, er omtalte under «Andre tilhøve»

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.



Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter tilsynet

Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne følgje opp saka vi har fått delegert, ber vi om at de sender oss jamlege oppdateringar om korleis dei pålagde tiltaka vert følgde opp.

Vi ber også om ei utgreiing om kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde for å rette opp avvika omtalte i denne rapporten. Frist for tilbakemelding er **31. mars 2023**.

4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Gebyrsatsar for tilsyn med verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta kapittel 39.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert 15. februar 2023.

Ut frå forventa ressursbruk må Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad betale eit gebyr på kr 30 000,- for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-3. Dette beløpet svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven. Han må vere adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp* www.norskeutslipp.no



6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda oppfyller ikkje alle krava i tanklagringsforskrifta

Avvik frå: Forureiningsforskrifta kapittel 18 *Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall*
(Tanklagringsforskrifta)

Kommentarar til regelverket

Tanklagringsforskrifta har til føremål å verne det ytre miljøet mot forureining som følgje av lagring av farlege kjemikal og farleg avfall.

Punkt som er relevante i samband med det akutte utsleppet:

§ 18-4 Miljørisiko: Den som er ansvarleg for tanklagringa og tilknytte aktivitetar skal syte for at miljörisikoene som er knytt til lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall, vert analysert. Miljörisikovurderinga skal omfatte alle tilhøve ved tanklagringa slik som tankar, tilknytt utstyr, installasjonar, aktivitetar/operasjonar og eventuelle eksterne påverknader som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft.

§18-5 Generelle tiltak: Den ansvarlege skal etablere og vedlikehalde dei risikoreduserande tiltaka som er naudsynte for å halde miljörisikoene innanfor akseptkriteria som er fastsette.

§ 18-6 Førebyggjande tiltak:

c) *Barrierar:* Tankanlegget skal sikrast med naudsynte barrierar mot ulike typar hendingar som kan føre til forureining

d) *Teknisk tilstand og vedlikehald:* Tankanlegget og dei tekniske barrierane skal til ei kvar tid ha tilfredsstillande tilstand for å førebygge forureining.

e) *Rutinar for drift av tankanlegget:* Basert på miljörisikovurderinga skal naudsynte rutinar og prosedyrar etablerast og haldast ved like for å hindre forureining ved normal drift og føreseielege variasjonar.

f) *Overvaking:* Rutinar og tekniske overvakingssystem som er naudsynet for å oppdage fare for forureining eller forureining som har oppstått.

g) *Merking:* Tankar og røyr skal vere merka med innhald og anna relevant informasjon.

Observasjonar

Hansa Borg Bryggerier AS har ein tank for fyringsolje på 117 m³ som vart sett opp i 1985. Tanken har eit oppsamlingsbasseng av betong som rommar heile volumet. Det vert gjennomført periodisk kontroll av tanken kvart tiande år, først og fremst med omsyn til korrosjon.

§ 18-4: Verksemda har gjennomgang av miljörisikovurderinga annakvart år. Ikkje alle relevante tilhøve har vore omfatta av risikovurderinga. Under tilsynet skisserte verksemda ei rekke framlegg til risikoreduserande tiltak, og nokre av dei var alt gjennomførte. Det vert arbeid med ein handlingsplan som skal vere ferdig i slutten av mars 2022.

§ 18 6, e-f): Verksemda har mangelfulle prosedyrar og rutinar for vedlikehald og overvaking av tankanlegget. Kontrolløren i fyrhuset utfører t.d. dagleg kontroll av anlegget ved visuell inspeksjon med hovudvekt på lekkasjar og «ulydar», men det er ikkje utarbeidd skriftleg rutine eller sjekkliste som sikrar ein systematisk kontroll.

Verksemda manglar skriftleg rutine for mottak/påfylling av olje frå tankbil.

§ 18-6, g): Tankanlegget er ikkje merka i samsvar med gjeldande krav.



Avvik 2: Verksemda oppfyller ikkje alle vilkåra i utsleppsløyvet

Avvik frå: Tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven for Hansa Borg Bryggerier AS, sist endra 26.02.2015, vilkår 2. Utslipp til vann

Kommentarar til regelverket

Hansa Borg Bryggerier AS har påslepp til Bergen kommune sitt reinseanlegg på Flesland. I utsleppsløyvet er det i samråd med kommunen sett vilkår om å måle på biokjemisk oksygenforbruk (BOF₅), kjemisk oksygenforbruk (KOF), suspendert stoff (SS) og pH. Det skal utførast minst 12 målingar i året. Prøvane skal takast som vekeblandepøver, bortsett frå BOF₅ som skal takast som døgnblandeprøve.

Utsleppsgrensene i løyvet er sette både som kg/døgn og mg/l. Det er sett to grenser for kvar parameter, dvs. både gjennomsnittleg og maksimalt utslepp.

Avløpsmengda skal målast og skal etter utjamning ikkje overstige eit gjennomsnitt på 1000 m³ og maksimalt 1500 m³ per døgn.

Observasjonar

Ut frå måleresultata vi har motteke gjennom eigenkontrollrapportane dei siste åra, ser vi at verksemda har utfordringar med at konsentrasjonen av suspendert stoff og organisk stoff (SS, KOF og BOF₅) i prosessavløpsvatnet overstig ei eller begge utsleppsgrensene i løyvet. Verksemda mistenkjer at det dei høge verdiane dels skuldast mikrobiell vekst i utjamningstanken pga. gode vekstvilkår (næringstilgang og temperatur), og dels at returvarer vert tømde ut saman med prosessavløpsvatnet.

7. Andre tilhøve

Akutt utslepp av fyringsolje. Oppsummering av hendinga og verksemda sine tiltak

Under tilsynet gjorde Hansa Borg Bryggerier AS greie for kva tiltak som vart utført og kven som var varsla, både i akutfasen og i tida etterpå. Verksemda har etablert ei eiga beredskapsgruppe knytt til hendinga, og det er laga eigen logg.

Hansa Borg Bryggerier AS avd. Kokstad har ein utandørs tank for fyringsolje som rommar 117 m³. Tanken har eit oppsamlingsbasseng i betong som skal romme heile tankvolumet. Bassenget har ein ventil for drenering av regnvatn. Ved drift av fyrkjelen vert olja ført frå tanken og over til kjelen i fyrhuset via ein røyrleidning med eiga pumpe. Rundt pumpa er det eigen kum som igjen er integrert i oppsamlingsbassenget.

Verksemda har tre ytre avløpsstraumar: overvatn, som ikkje går til kommunalt nett og prosessavløp og sanitært avløpsvatn som går til det kommunale avløpsnettet. Drensvatn (regnvatn) frå oppsamlingsbassenget går til vanleg ut i overvasstraumen dersom det ikkje vert oppdaga olje. Ved spor av olje vert oljehaldig vatn samla opp og levert til godkjent mottak.

Utslepp av fyringsolje:

Ca. kl. 19 om kvelden 30. januar fylte ein tankbil frå leverandøren 40 000 liter fyringsolje i tanken. Dette skjedde vel ein meter frå pumpa. Det vart då observert olje i oppsamlingskummen rundt pumpa, men det var ikkje noko som tyda på utslepp på det tidspunktet sidan det ikkje hadde kome olje ut i oppsamlingsbassenget. Siste sikre observasjon av området rundt pumpa før utsleppet var ca. kl. 21 same kvelden.



Utsleppet vart oppdaga 31. januar ved at tilsette i tapperiet og operatøren i fyrrommet kjende oljelukt. Teknisk sjef vart tilkalla. Årsaka vart funnen å vere lekkasje på pumpa på leidninga frå oljetanken inn til fyrkjelen. Olja rann då ut i oppsamlingsbassenget og vidare ut i overvasstaumen. Det vart etter kvart avdekka at ventilen ut frå bassenget ikkje var tilstrekkeleg lukka.

Verksemda varsla Norva24 og Vann- og avløpsetaten i Bergen kommune (Bergen Vann).

Verksemda utførte sjølve fysisk inspeksjon ved Birkelandsvatnet. Det vart ikkje observert olje i sjølve vatnet, men det var oljefilm i bekken som munnar ut i myrområdet før vatnet. Det vart også observert spor av olje i myra. Politiet og brannvesenet vart varsla. Brannvesenet la ned absorberande lenser og spylte nedover bekken. Spylevatnet vart samla opp.

Verksemda varsla då to grunneigarar i området.

9. februar hadde verksemda ei synfaring saman med Bergen Vann. Då kunne det framleis komme fram olje frå ei steinfylling i ein kulp i bekken.

For å fjerne olja har det vore nytta høgtrykkspyling og suging. Det har ikkje vore bruk av kjemikal/vaskemiddel.

Under tilsynet vart det opplyst at Norva24 kjem jamleg for å suge, og at lensene framleis ligg ute. I tillegg vert det nytta absorbentar i oppryddingsarbeidet. Recover AS skal ta over oppfølginga 20. februar.

Verksemda hadde fram til tidspunktet for tilsynet fått teke to sett med prøvar frå det aktuelle området. Den første vart teken 2. februar og resultatet viste høge verdiar av olje. Den andre prøven vart teken 13. februar (botnprøvar frå Birkelandsvatnet). Resultata frå denne var ikkje klart under tilsynet. Det skal vidare takast prøvar i grunnen og av fisk.

Vidare tiltak og oppfølging

Sweco har utarbeidd eit notat «*Oppfølging og veien vidare*» datert 21.02.2023.

Representantar frå Hansa Borg Bryggerier, Sweco og Recover AS var på synfaring 20. februar. Det vart då observert ein del diesel-filament, meir enn kva som hadde vore observert tidlegare. Årsaka til dette kan vere ein periode med mykje nedbør i førekant. Notatet omtalar m.a. korleis oljefilament «opp fører seg» ved skiftande vêrtilhøve.

Det vil komme til å vere oljefilament i bekken i lengre tid framover sidan nedbørsmengd og dermed breidda på bekken vil variere. I tillegg vil auka vassføring kunne flytte på lensene slik at forureina vatn vil kunne renne til nye stader.

Etter synfaringa vart det avtalt at det skal leggjast ut fleire lenser/absorberande materiale nærare utsleppspunktet. Det skal også plasserast ein skimmer som vil oppkonsentrere oppsuget av filament på vassoverflata nær utsleppspunktet.

Recover AS skal overvake området og eventuelt legge ut fleire lenser/absorbentar. Ved behov skal dei skifte ut «metta» utstyr og levere dette til godkjent mottak.

Sweco skal stå for vassprøvetaking og analysar og rapportering. Vassprøvane blir analyserte for alifatiske hydrokarbon og THC.

Sweco opplyser at det er vanskeleg å estimere eit tidspunkt for kva tid arbeidet med opprydding og oppfølging kan reduserast. Det blir difor i første omgang lagt ein plan for to månader fram i tid, dvs. til slutten av april. Recover AS vil overvake området ved å kontrollere lenser og behov for absorbentar 1-2 gonger i veka.

Etter at oppryddingsarbeidet er redusert, skal Sweco Norge AS utarbeide ein større rapport med faglege vurderingar.



Andre tema frå tilsynet:

Miljøstyringssystem og energistyring: I løyvet etter forureiningslova har Hansa Borg Bryggerier AS krav om å etablere eit energistyringssystem for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan iverksetjast for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift, jf. vilkår 7. Verksemda har vidare krav om å utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg i størst mogleg grad og å legge til rette for at overskotsenergi kan utnyttast eksternt.

Verksemda har tidlegare arbeidd med å innføre og få sertifisert eit miljøstyringssystem etter ISO 14001. Dette arbeide har lege «nede» under pandemien, men verksemda skal no arbeide vidare med mål om sertifisering. Miljøstyringssystemet omfattar elementa som verksemda jobbar med innan beredskap og miljørisikovurdering.

I samband med dette arbeider verksemda også med energieffektivisering, og det er oppretta ei eiga energigruppe i samarbeid med Entro. Dette arbeidet bør samordnast med vilkåra i utsleppsløyvet og med BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (BAT 6).

Reinseanlegg: Verksemda har tidlegare etablert eit lamell-system for å fjerne partiklar før utjamningstanken. Dette systemet har no vorte kopla ut då det har vist seg å ikkje gi forventa effekt. Under tilsynet informerte verksemda om at de tek imot returvarer som anten har gått ut på dato eller er sesongvarer som ikkje kan seljast utanom sesong. Desse produkta har tidlegare vorte tømde ut saman med prosessavløpsvatnet og har ført til auka utslepp av organisk stoff. Verksemda har no funne ei løysing ved at returvarer blir transporterte til Lindum sitt avfallsanlegg i Drammen.

Prøvetaking: Verksemda er omfatta av EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED). BAT-konklusjonane som gjeld for næringsmiddelproduksjon set på generell basis krav om at måling av utslepp til vatn skal gjennomførast med døgnblandeprøvar og ikkje vekeblandingsprøvar. Det er uvisst kva dette kan ha å seie for måleresultata. Dette vil uansett bli retta opp ved neste gjennomgang/revisjon av verksemda sitt utsleppsløyve.

Forbrenningsanlegg/fyrkjel: Verksemda har ein fyrkjel på 8 MW. Denne er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 27 som gjeld forureining frå mellomstore forbrenningsanlegg. Dette kapittelet vart endra frå 1. juli 2021, noko som fører med seg at eksisterande forbrenningsanlegg må sende inn nye meldeskjema innan 1. oktober 2023. Meldeskjema følgjer vedlagt.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) – kapittel18. *Ttanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall*
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:
«Notat – Oppfølging og veien videre», Sweco 21.02.2023.



9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfaldlova)
- *Forskrift om begrenning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) kapittel 27 «Forurensning fra mellomstore forbrenningsanlegg»

Brosjyrar/info-ark som det vart informert om:

- Forureining frå mellomstore forbrenningsanlegg – meldeskjema og rettleiing